



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Pb. 7900
5020 BERGEN

Behandlende eining: Region vest	Sakshandsamar/innvalsnr: Kaisa Tonheim Banne - 55516273	Vår referanse: 2014/097094-003	Dykkar referanse: 2014/19049-1	Vår dato: 04.09.2014
------------------------------------	--	-----------------------------------	-----------------------------------	-------------------------

Svar på spørsmål om vegprosjektet Arefjord - Storskardet i Fjell kommune - Oversendingsforslag i samferdselsutvalet

Vi viser til oversendingsforslag frå samferdselsutvalet:

«Prosjektet Arefjord – Storskardet vart teke ut av budsjettet for 2014 med den grunngjevinga at prosjektet ikkje var kome langt nok i planlegginga for oppstart i 2014. Kva er det som manglar? Kor lang tid tek det før ein er ferdig? Kva med utlegging på anbod for bygging?»

Reguleringsplan for fv 209 Storskaret – Arefjord vart godkjent i 2013. Vegvesenet starta prosjektering av tiltaket i 2013 med sikte på oppstart av Storskaret – Arefjord i 2014. Det var tidleg klart at vedtatt kryssløysing til rv 555 grip inn i planområdet til Sotrasambandet. Vi starta å sjå på enklare kryssløysing for å ikkje risikere å bygge ei kostbar kryssløysing som må rivast etter få år. Då fylkeskommunen signaliserte at tiltaket ikkje ville bli prioritert i økonomiplanen før i 2017, vart prosjekteringa lagt på is. Dette skjedde som følgje av at Vegvesenet varsla store kostnadsauke på fleire fylkesvegprosjekt, og nokre prosjekt måtte skyvast ut i tid, dersom vi skulle halde oss innafor dei økonomiske rammene. Storskaret – Arefjord var eit av tre tiltak som vart foreslått skyvd ut i tid.

Sidan arbeidet med reguleringsplanen for rv 555 Sotrasambandet går for fullt, er det venta at det fysiske arbeidet med rv 555 startar opp i 2018. Dette riksvegprosjektet vil planlegge ei større og betre kryssløysing mellom fv 209 og rv 555. Ved å skyve Storskaret - Arefjord til 2017 såg vi moglegheit for å samordne dei to prosjekta i tid. Vi vurderte det difor slik at vi ikkje ønskjer å bruke ressursar på å projektere eit tiltak som ikkje er nært i tid, og der ei midlertidig kryssløysing sannsynlegvis ikkje ville verte bygd etter teikninga.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Då prosjektet likevel vart prioritert av Fylkestinget i desember 2013, sette Vegvesenet i gang prosjektering på nytt rett over nyttår. Prosjektering av slike store prosjekt tek tid. Det har og vore ei utfordring å finne ei rimeleg midlertidig kryssløysing som og vil fungere godt nok fram til Sotrasambandet vert bygd. Endringar i prosjektet i prosjekteringsfasen i forhold reguleringsplan fører ofte til at prosjektering tek lenger tid. Det vil vi ikkje seie at har vore tilfelle for Storskaret - Arefjordpollen. Prosjekteringen har gått forholdsvis raskt, mykje på grunn av at vi allereie hadde starta å sjå på ei enklare kryssløysing i 2013, men òg fordi Vegvesenet har sett inn ressursar til å halde ein normal framdriftsplan.

Prosjekteringen er snart ferdig og vi reknar med å lyse ut prosjektet i månadsskiftet oktober/november i år. Venta oppstart er februar/mars 2015. Prosjektet skal stå ferdig i 2016 om det ikkje vert endringar i framdrifta. Framdriftsplanen er noko usikker sidan Fjell kommune vurderer å krevje ein mindre vesentleg omregulering av kryssløysinga.

Vegavdeling Hordaland
Med helsing


Olav Finne
avdelingsdirektør


Kaisa Tonheim Banne